

54632 Nilsen Handel AS

Spiller på / Spiller på

er medlem av:


100 000 kr

Klubben

Dinnerbong levert den 11.08.07 ga en premie på

kr. **186 530,-**

Norsk Rikstoto gratulerer!



SPAR i Uskedalen – no medlem av "100.000-klubben".

SPAR i Uskedalen har fått diplom frå Norsk Rikstoto for å ha seld ein kupong som ga ein vinst på 186.530 kroner sist laurdag.

No er det eitpar år sidan SPAR vart kommisjonær for Norsk Rikstoto, men dette er første gongen ein så stor vinst har gått til Uskedalen.

Med dette er kommisjonæren medlem av "100.000-klubben".

SPAR-betjeninga anar ikkje kva slags kupong det er tale om og heller ikkje kven som har kjøpt han.

Uskedalen har ein solid kjerne av "spelarar på hest" med SPAR som base, men det skal ikkje vera nokre av dei som har hatt lukka med seg denne gongen.

Tidlegare i sommar ga eit FLAX-lodd seld på SPAR 100.000 kroner i gevinst.

Det er tydelegvis ikkje så dumt å spele på SPAR.

Av Ola Matti Mathisen